



## ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2020 - GENERELL INFORMASJON

### Enheten

Organisasjonsnummer: 979 664 087  
Organisasjonsform: Stiftelse  
Foretaksnavn: STIFTINGA ØRSTA NÆRINGSKONTOR  
Forretningsadresse: Ivar Aasen-gata 18  
6153 ØRSTA

### Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2020 - 31.12.2020

### Konsern

Morselskap i konsern: Nei

### Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja  
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

### Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Odd Magne Vinjevoll  
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 05.05.2021

### Grunnlag for avgivelse

År 2020: Årsregnskapet er elektronisk innlevert  
År 2019: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2020

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 19.06.2022



### Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
<b>RESULTATREKNESKAP</b>			
<b>Inntekter</b>			
Tilskot M&R fylkeskommune	5		
Tilskot Ørsta kommune	5	500 000	500 000
Medlemskontingent		271 800	272 750
Andre inntekter	7	266 703	902 726
<b>Sum inntekter</b>		<b>1 038 503</b>	<b>1 675 476</b>
<b>Kostnader</b>			
Næringskonferansen	7		
Løn, folketrygdavg., og andre personalkostn.	4	789 645	599 223
Ordinære avskrivningar	1		
Eksterne honorar	4		
Andre driftskostnader	1, 7	490 319	1 083 186
<b>Sum kostnader</b>		<b>1 279 964</b>	<b>1 682 410</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>-241 461</b>	<b>-6 934</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Andre finansinntekter		13 304	14 954
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>13 304</b>	<b>14 954</b>
Annan rentekostnad		334	402
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>334</b>	<b>402</b>
<b>Netto finans</b>		<b>12 970</b>	<b>14 552</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>-228 491</b>	<b>7 619</b>
<b>Ordinært resultat etter skattekostnad</b>		<b>-228 491</b>	<b>7 619</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>-228 491</b>	<b>7 619</b>
<b>Årsresultat etter minoritetsinteresser</b>		<b>-228 491</b>	<b>7 619</b>
<b>Totalresultat</b>		<b>-228 491</b>	<b>7 619</b>



## Resultatregnskap

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>
<b>Overføringer og disponeringar</b>			
Konsernbidrag		-228 491	7 619
<b>Sum overføringer og disponeringar</b>		<b>-228 491</b>	<b>7 619</b>



## Balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
<b>BALANSE - EIGEDELAR</b>			
<b>Anleggsmiddel</b>			
<b>Immaterielle egedelar</b>			
Inventar	1		
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Omløpsmiddel</b>			
<b>Varer</b>			
<b>Krav</b>			
Krav på kundar	3	11 400	179 467
Andre kortsiktige krav	3	271 518	70 745
<b>Sum krav</b>		<b>282 918</b>	<b>250 212</b>
<b>Bankinnskot, kontantar og liknande</b>			
Bankinnskot (herav bunde kr 26.845)		1 485 578	1 673 293
<b>Sum bankinnskot, kontantar og liknande</b>		<b>1 485 578</b>	<b>1 673 293</b>
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b>1 768 496</b>	<b>1 923 505</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>		<b>1 768 496</b>	<b>1 923 505</b>
<b>BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Grunnkapital		150 000	150 000
Behaldning av egne aksjar		2 026	2 026
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>152 026</b>	<b>152 026</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Annen eigenkapital		1 123 385	1 220 460
Minoritetsinteresser		39 925	39 925
<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<b>1 163 310</b>	<b>1 260 385</b>



## Balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
<b>Sum egenkapital</b>		<b>1 315 336</b>	<b>1 412 412</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Langsiktig gjeld</b>			
Fond kompensasjonsmidlar			131 416
<b>Sum avsetjingar for plikter</b>			<b>131 416</b>
<b>Anna langsiktig gjeld</b>			
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>0</b>	<b>131 416</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		23 920	1 086
Skuldig off.trekk og avgifter		43 836	40 826
Annan kortsiktig gjeld	6	385 404	337 766
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>453 160</b>	<b>379 678</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>453 160</b>	<b>511 094</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>1 768 496</b>	<b>1 923 505</b>



## Brønnøysundregistrene

### ÅRSREGNSKAP FOR REGNSKAPSÅRET 2020 - GENERELL INFORMASJON

Journalnummer: 2021 269534

#### Enheten

Organisasjonsnummer: 979 664 087  
Organisasjonsform: Stiftelse  
Foretaksnavn: STIFTINGA ØRSTA NÆRINGSKONTOR  
Forretningsadresse: Ivar Aasen-gata 18  
6153 ØRSTA

#### Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2020 - 31.12.2020

#### Konsern

Morselskap i konsern: Nei

#### Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja  
Benyttet ved utarbeidelsen av  
årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

#### Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Odd Magne Vinjevoll  
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 05.05.2021

#### Grunnlag for avgivelse

År 2020: Årsregnskap er elektronisk innlevert.  
År 2019: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2020.

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 09.06.2021



Organisasjonsnr: 979 664 087  
STIFTINGA ØRSTA NÆRINGSKONTOR

## RESULTATREGNSKAP

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
<b>RESULTATREKNESKAP</b>			
<b>Inntekter</b>			
Tilskot M&R fylkeskommune	5		
Tilskot Ørsta kommune	5	500 000	500 000
Medlemskontingent		271 800	272 750
Andre inntekter	7	266 703	902 726
<b>Sum inntekter</b>		<b>1 038 503</b>	<b>1 675 476</b>
<b>Kostnader</b>			
Næringskonferansen	7		
Løn, folketrygdavg., og andre personalkostn.	4	789 645	599 223
Ordinære avskrivningar	1		
Eksterne honorar	4		
Andre driftskostnader	1, 7	490 319	1 083 186
<b>Sum kostnader</b>		<b>1 279 964</b>	<b>1 682 410</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>-241 461</b>	<b>-6 934</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Andre finansinntekter		13 304	14 954
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>13 304</b>	<b>14 954</b>
Annan rentekostnad		334	402
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>334</b>	<b>402</b>
<b>Netto finans</b>		<b>12 970</b>	<b>14 552</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>-228 491</b>	<b>7 619</b>
<b>Ordinært resultat etter skattekostnad</b>		<b>-228 491</b>	<b>7 619</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>-228 491</b>	<b>7 619</b>
<b>Årsresultat etter minoritetsinteresser</b>		<b>-228 491</b>	<b>7 619</b>
<b>Totalresultat</b>		<b>-228 491</b>	<b>7 619</b>
<b>Overføringer og disponeringar</b>			
Konsernbidrag		-228 491	7 619
<b>Sum overføringer og disponeringar</b>		<b>-228 491</b>	<b>7 619</b>



Organisasjonsnr: 979 664 087  
STIFTINGA ØRSTA NÆRINGSKONTOR

## BALANSE

<u>Beløp i: NOK</u>	<u>Note</u>	<u>2020</u>	<u>2019</u>
<b>BALANSE - EIGEDELAR</b>			
<b>Anleggsmiddel</b>			
<b>Immaterielle egedelar</b>			
Inventar	1		
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Omløpsmiddel</b>			
<b>Varer</b>			
Krav			
Krav på kundar	3	11 400	179 467
Andre kortsiktige krav	3	271 518	70 745
<b>Sum krav</b>		<b>282 918</b>	<b>250 212</b>
<b>Bankinnskot, kontantar og liknande</b>			
Bankinnskot (herav bunde kr 26.845)		1 485 578	1 673 293
<b>Sum bankinnskot, kontantar og liknande</b>		<b>1 485 578</b>	<b>1 673 293</b>
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b>1 768 496</b>	<b>1 923 505</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>		<b>1 768 496</b>	<b>1 923 505</b>
<b>BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Grunnkapital		150 000	150 000
Behaldning av egne aksjar		2 026	2 026
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>152 026</b>	<b>152 026</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Annen eigenkapital		1 123 385	1 220 460
Minoritetsinteresser		39 925	39 925
<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<b>1 163 310</b>	<b>1 260 385</b>
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>1 315 336</b>	<b>1 412 412</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Langsiktig gjeld</b>			
Fond kompensasjonsmidlar			131 416
<b>Sum avsetjingar for plikter</b>			<b>131 416</b>
<b>Anna langsiktig gjeld</b>			



<b>Sum langsiktig gjeld</b>	<b>0</b>	<b>131 416</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>		
Leverandørgjeld	23 920	1 086
Skuldig off.trekk og avgifter	43 836	40 826
Annan kortsiktig gjeld	6 385 404	337 766
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	<b>453 160</b>	<b>379 678</b>
<b>Sum gjeld</b>	<b>453 160</b>	<b>511 094</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>	<b>1 768 496</b>	<b>1 923 505</b>



Organisasjonsnr: 979 664 087  
STIFTINGA ØRSTA NÆRINGSKONTOR

NOTEOPPLYSNINGER - SELSKAP - alle poster oppgitt i hele tall

Note

Rekneskapsprinsipp

Ytingar til dagleg leiar

<u>Ytingar</u>	<u>Lønn</u>	<u>Pensj.plikt</u>	<u>Andre godtgj.</u>
	664534.00		5282.00

Note

4

Antall årsverk i regnskapsåret

Verksemda har hatt følgjende tal på årsverk:

1.00

Note

Lån og sikkerheitsstilling til leiande personar

Er det gitt lån eller sikkerheitsstilling til leiande personar: Nei



# Årsregnskap 2020

## STI ØRSTA NÆRINGSKONTOR

**Innhold:**  
Resultatregnskap  
Balanse  
Noter  
Revisjonsberetning

Org.nr.: 979 664 087



### ÅRSMELDING FOR 2020.

#### **Om verksemda og kvar den held til.**

Sti. Ørsta Næringskontor har kontor i Ivar Aasengt.18 i Ørsta sentrum, og er ei stifting med føremål å vere eit sørvisorgan for næringsliv og næringsutvikling i Ørsta kommune.

#### **Framhald drift/resultat og utvikling.**

Stiftinga har ikkje økonomisk føremål. Drifta av Ørsta Næringskontor er i hovudsak finansiert med kontingent frå 100 medlemsbedrifter, og årleg tilskot frå Ørsta kommune. For enkelte større prosjekt, som stiftinga har engasjert seg i, fakturerer stiftinga prosjektet med grunnlag i kostprinsippet. Dette vert rapportert i rekneskapen som kostnadsrefusjon under lønnskostnader. Rekneskapen viser følgjande utviklingstrekk:

	2020	2019	2018
Driftsinntekter	1.038.503	1.675.476	1.602.095
Årsresultat	-228.491	7.619	96.492
Eigenkapital 31.12	1.315.336	1.412.412	1.404.793

Styret meiner at årsrekneskapen og årsmeldinga gir eit rett bilete av stiftinga si utvikling, resultat av verksemda og økonomiske stilling. Styret stadfester at årsrekneskapen er utarbeidd med grunnlag i prinsippet om vidare drift.

#### **Arbeidsmiljø/ytre miljø**

Stiftinga har lågt sjukefråvær i året, og arbeidet sin art er ikkje i konflikt med krav til ytre miljø. Det har ikkje vore skader eller ulykker i 2020.

#### **Likestilling**

Stiftinga har ein mannleg person tilsett. Styret består av to kvinner og fem menn.



## Styret sitt arbeid

Ved årets slutt i 2020 hadde Sti. Ørsta Næringskontor følgende styre:

Odd Staurset (handel, leiar), Stein Aam (politisk, nestleiar), Knut Olav Standal (industri), Wenche Solheim (Ørsta kommune), Vivian Ose (reiseliv), Synnøve Rekkedal Hill (politisk), Einar Holsvik (bygg & anlegg).

Det har vore halde 3 styremøte, og det har vore handsama 24 saker i 2020. Styret gir retningslinjer for Næringskontoret sitt arbeid gjennom arbeidsinnstruks til dagleg leiar, og kjem med innspel til saker som det skal arbeidast med, og handsaming av budsjett og økonomispørsmål.

Saker som har vore oppe til handsaming kan nemnast: Budsjett, økonomi/årsmelding og rekneskap, Næringskonferansen, landbrukskonferansen, næringsfond, samarbeid skule/næringsliv/kommune og Fylkeskommune. Masterplan for produktutvikling innan reiseliv i Ørsta-regionen saman med Ørsta kommune, reiselivsnæringa og Destinasjon Ålesund og Sunnmøre. Reiselivsnæringa melder seg inn i Næringskontoret. Samarbeid med Hoppid kontora på Søre Sunnmøre om Nyskapingdagen. Elles har dette vore eit år med store avgrensingar for fysiske møte og samlingar noko som kan vere utfordrande for Næringskontoret sitt arbeid. Særleg samarbeid til skulane gjennom entreprenørskapsløypa har vore svært avgrensa i 2020. I November 2020 innleia vi samanarbeid med Furene og Nav om ein person i utplassering for arbeidsavklaring.

## Næringskonferansen

Næringskontoret arrangerte ikkje sitt største arrangement Næringskonferansen i 2020. Dette på grunn av den pågåande pandemien. Dialog med sponsorar og nokre foredragshaldarar er vidareført til 2021. Næringskontoret har Sparebank1 Søre Sunnmøre som hovudsponsor for konferansen.

## Landbrukskonferansen

Næringskontoret arrangerte landbrukskonferansen første veka i februar. Arrangementet er eit samarbeid mellom Næringskontoret, landbrukskontoret, skogeigarlaget og landbruksorganisasjonane i Ørsta-regionen. Konferansen samla omlag 150 deltakarar. Programmet er samansett med mål om å sette aktuelle landbruksfaglege ting på agendaen, høgaktuelle tema med tanke på politiske føringar og driftsmesseige vilkår og utfordringar for vestlandsbonden. Det er også viktig for konferansen å skape ein møteplass for denne næringa i vår region. Sparebanken Møre var hovudsponsor til konferansen.

## Matfestivalen

Hjørundfjord Mat- og Kulturfestival vart ikkje arrangert i 2020, men utsett til september 2021. Ein festival med hovudbase Hjørundfjorden, der målet er å lyfte fram ein unik region innan mat- og kulturhistorie. Dette er også eit ledd i masterplanarbeidet ved å løfte fram småskalaprodusentar av lokalmat i vår region. Festivalen får stønad frå UKL- midlar med kr. 50.000,- pr. år dei tre første åra.



## Naturfestivalen

Naturfestivalen er eit samarbeid mellom Sunnmørsalpane Guideservice og Næringskontoret. I 2020 vart det ein avgrensa festival med små arrangement. Saudehornet Rett Opp vart ikkje arrangert p.g.a smitteomsyn.

## Arbeid med Hurtigruten sitt anløp i Hjørundfjorden

Næringskontoret samarbeider kontinuerlig med Sunnmørsalpane Guideservice og aktørar i Hjørundfjorden for å innarbeide, utvikle og tilrettelegge ulike tilbod i samband med Hurtigruten sine anløp på Urke. Dette ser vi er av stor betydning for reiselivsnæringa i Ørsta kommune. I 2020 førde pandemien til ei massiv kansellering frå reisande og dei fleste anløp også til Urke vart avlyst. Arbeidet som var nedlagt i planlegging for sesongen var som normalt og førde da til tapte inntekter for Næringskontoret. Det har konkret vore arbeidd opp imot Hurtigruten med eit Explorerprogram i Hjørundfjorden for 2021, dette for å ta heile fjorden i bruk. Seglingsplan er fastlagt frå mai til oktober for Hjørundfjorden. Desse seglingane ser også ut til å bli sterkt reduserte og delvis kansellert i 2021.

## Nyetableringar

Næringskontoret har ansvaret for drift av kommunen sitt Hoppid.no kontor. Hoppid.no er ei førstelineteneste for nyetablerarar i regi av fylkeskommunen, og vi er rådgjevarar utifrå ei felles sertifisering i høve nyetablerarar. Fysiske etablerarkurs for nye bedrifter har vore vanskeleg å gjennomføre i 2020, men det har vore nettkurs gjennom Hoppid-systemet for nye grunderar. Det har vore registrert arbeid med 22 nye grunderar i 2020, av desse er det 11 som har fått tildelt Hoppid-midlar. Næringskontoret samarbeider også med Ålesund Kunnskapspark for å bringe meir fagleg ekspertise inn i ein utviklingsfase av desse. Hoppid.no-prosjektet er godt marknadsført, og Næringskontoret har jamt stor pågang av personar som ynskjer hjelp og råd til å starte eiga verksemd.

	2020	2019	2018
Nye foretak i Ørsta Kommune	153	204	124
Nye AS i Ørsta Kommune	45	49	33
Tal foretak i Ørsta Kommune	2081	2033	2155
Tal AS i Ørsta Kommune	580	551	536

Fylkesstatistikken syner god stabilitet i nyetableringar i Ørsta Kommune, og etablerte as er stabilt og veksande.

## Kommunalt Næringsfond.

Ørsta Kommune sitt næringsfond vart etablert i 2018. Søknadane blir behandla og skrivne innstilling på ved Næringskontoret, endeleg vedtak vert gjort av Ørsta Formannskap. Næringskontoret har eit beløp på kr. 100.000 som mindre prosjekt kan søke på, med maks utbetaling på kr. 15.000 pr



prosjekt. Næringskontoret har behandla 29 søknader til fondet i 2020. I tillegg er det behandla 22 søknader til koronastønad til bedrifter som Ørsta Kommune utlyste hausten 2020.

## Samarbeid med andre næringsforeiningar


Det har vore eit godt samarbeid med ulike næringsforeiningar og bransjeforeiningar på Sunnmøre. Det blir samarbeidd i mange høve med felles mål innan regional omdømebygging for auka aktivitet. Dette styrker tyngdepunktet på Søre Sunnmøre i viktige saker for regionen. Ein skaper tettare relasjonar mellom næringslivet på Søre Sunnmøre, og etablerer felles møteplassar. Det har siste året vore etablert ei samarbeidsgruppe mellom næringskontora på Søre Sunnmøre. «Nyskapingdagen» er eit resultat av dette samarbeidet, det var godt oppmøte på samlinga med agenda «reiseliv» i Fosnavåg 2020 som då var i samarbeid med Ålesund Kunnskapspark og Destinasjon Ålesund og Sunnmøre.


## Utviklingsforum Hovden

Næringskontoret arrangerte i regi av Utviklingsforum Hovden hausten 2020 eit møte mellom næringsdrivande, kommunar, lokale og nasjonale politikarar, Avinor, Widerøe og utdanningsinstitusjonar. Møtet kom i stand etter eit strategisk arbeid for å få tilbakeført ein varig avtale for statsstøtta kjøp av flyruter ved Ørsta/Volda Lufthamn Hovden. Det har vore eit godt samarbeid med Florø Lufthamn i denne prosessen med å synleggjere problemstillinga for nasjonale politikarar og embetsverk.

I styret for stiftinga Ørsta Næringskontor

Ørsta, den 20/04 2021


  
Odd Staurset  
Styreleiar


  
Stein Aam


  
Wenche Solheim

  
Vivian Ose Flø

Synnøve Rekkedal Hill

  
Knut Olav Standal

  
Einar Holsvik

  
Odd Magne Vinjevoll  
Dagleg leiar











<b>Resultatrekneskap</b>			
STI ØRSTA NÆRINGSKONTOR			
	Note	2020	2019
<b>Driftsinntekter og driftskostnader</b>			
Tilskot Ørsta kommune	5	500 000	500 000
Medlemskontingent		271 800	272 750
Andre inntekter	7	266 703	902 726
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b><u>1 038 503</u></b>	<b><u>1 675 476</u></b>
<b>Driftskostnader</b>			
Løn, folketrygdavg., og andre personalkostn.	4	789 645	599 223
Andre driftskostnader	1, 2, 7	490 319	1 083 186
<b>Sum driftskostnader</b>		<b><u>1 279 964</u></b>	<b><u>1 682 410</u></b>
<b>Driftsresultat</b>		<b><u>-241 461</u></b>	<b><u>-6 934</u></b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Andre finansinntekter		13 304	14 954
Rentekostnader		334	402
<b>Netto finansresultat</b>		<b><u>12 970</u></b>	<b><u>14 552</u></b>
<b>Ordinært resultat</b>		<b><u>-228 491</u></b>	<b><u>7 619</u></b>
<b>Årsresultat</b>		<b><u>-228 491</u></b>	<b><u>7 619</u></b>



<b>Balanse per 31. desember</b>			
<b>STI ØRSTA NÆRINGSKONTOR</b>			
	<b>Note</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>
<b>Eigedelar</b>			
<b>Anleggsmiddel</b>			
<b>Omløpsmiddel</b>			
Krav på kundar	3	11 400	179 467
Andre kortsiktige krav	3	271 518	70 745
Bankinnskot (herav bunde kr 26.845)		1 485 578	1 673 293
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b><u>1 768 496</u></b>	<b><u>1 923 505</u></b>
<b>Sum eigedelar</b>		<b><u>1 768 496</u></b>	<b><u>1 923 505</u></b>



<b>Balanse per 31. desember</b>			
<b>STI ØRSTA NÆRINGSKONTOR</b>			
	Note	2020	2019
<b>Gjeld og egenkapital</b>			
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innbetalt grunnkapital og fondsmidler</b>			
Grunnkapital		150 000	150 000
Fond (frå Industrigruppa)		2 026	2 026
<b>Sum innbetalt grunnkapital og fond</b>		<b>152 026</b>	<b>152 026</b>
<b>Opptent egenkapital</b>			
Annen egenkapital		1 123 385	1 220 460
Fond (driftsfond)		39 925	39 925
<b>Sum opptent egenkapital</b>		<b>1 163 310</b>	<b>1 260 385</b>
<b>Sum egenkapital</b>		<b>1 315 336</b>	<b>1 412 412</b>
<b>Forpliktingar</b>			
Fond kompensasjonsmidler		0	131 416
<b>Sum forpliktingar</b>		<b>0</b>	<b>131 416</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		23 920	1 086
Skuldig off.trekk og avgifter		43 836	40 826
Annan kortsiktig gjeld	6	385 404	337 766
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>453 160</b>	<b>379 678</b>
<b>Sum gjeld og egenkapital</b>		<b>1 768 496</b>	<b>1 923 505</b>
Ørsta, den 20/4-2021			
Styret i STI ØRSTA NÆRINGSKONTOR			
 Odd H. Staurset styreleiar	 Stein Aam nestleiar	 Knut Olav Standal styremedlem	 Wenche S. Solheim styremedlem
 Einar Holsvik styremedlem	 Synnøve Rekkedal Hill styremedlem	 Odd Magne Vinjevoll dagleg leiar	 Vivian Ose Flo styremedlem
STI ØRSTA NÆRINGSKONTOR			Side 3



## Notar til rekneskapen for 2020 STI Ørsta Næringskontor

### Generelt

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998.

### **Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld, samt inntekter**

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifiserte som anleggsmiddel. Andre eigedelar er klassifiserte som omløpsmiddel. Fordringar som skal tilbakebetalast innan eitt år, er klassifiserte som omløpsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig gjeld er tilsvarende kriterium lagt til grunn.

Anleggsmiddel vert vurderte til kostpris, men nedskrivne til virkeleg verdi når verdifallet ikkje synest å vere forbigåande. Anleggsmiddel med avgrensa økonomisk levetid vert avskrivne etter lineær avskrivingsplan.

Omløpsmiddel vert vurderte til den lavaste verdien av kostpris og virkeleg verdi. Kortsiktig lån vert balanseført til nominelt motteke beløp på etableringstidspunktet. Kortsiktig gjeld vert ikkje oppskrive til virkeleg verdi som følge av renteendring.

Inntekter vert bokførde ved opptening. Tilskot vert periodiserte innanfor det tidsromet som er føresett frå tilskotsgivar.

### **Eksterne prosjekt**

Eksterne prosjekt som næringskontoret administrerer, men ikkje har eigarskap til, inngår ikkje i stiftinga sin resultatrekneskap eller balansen. Stiftinga fakturerer og inntektsfører til dekning av arbeidskostnader og utlegg der økonomien i prosjektet gir grunnlag for dette.

### **NOTE 1 - Avskrivbare driftsmiddel**

### **Inventar**

Kostpris 01.01	0
Tilgang/avgang i året	0
<u>Akk. avskrivning</u>	
<b><u>Bokført verdi per 31.12</u></b>	<b>0</b>
<u>Årets avskrivning</u>	0

Avskrivingsperiode er 7 år.

Inventar kjøpt i 1998 ved etableringa av kontoret med verdi kr 59.000, vart same år nedskrive med offentleg tilskot.

### **NOTE 2 - Leigeavtale**

Det er inngått avtale om leige av kontorlokale sentralt i Ørsta. Leigetilhøvet gjeld i 10 år rekna frå 01.08.02 og er seinare lengd i samhøve med kontrakt. Leigebeløp i 2020 utgjør kr 31.098.



## Notar til rekneskapen for 2020 STI Ørsta Næringskontor

### NOTE 3 – Kortsiktige krav/tapsavsetjing

Kundefordringar og kortsiktige krav i balansen er vurdert til pålydande etter frådrag for avsetning for forventta tap per 31.12.20. Kortsiktige krav gjeld periodiseringar knytt til postane forsikring og forskotsbetalte kostnader. Ingen av krava fell til betaling seinare enn eitt år etter utgangen av rekneskapsåret.

### NOTE 4 – Lønskostnader/tal på årsverk/godtgjeringar

	2020	2019
Lønskostnader	665.435	639.014
Refunderte lønskostnader		-160.407
Arbeidsgiveravgift	89.591	95.582
Tjenestepensjonsordning	19.878	14.371
Andre personalkostnader	14.741	-8.577
<b>Sum lønskostnader</b>	<b>789.645</b>	<b>599.223</b>
Antal årsverk	1	1

Det er ikkje utbetalt honorar til medlemmer av styret. Det er utbetalt kr 664.534 i løn og kr 5.282 i andre godtgjeringar til dagleg leiar.

Revisjonshonorar for 2020 er kostnadsført med kr 11.800 eks. mva. I tillegg er det kostnadsført kr 3.800 eks. mva for tilleggstenester.

### Note 5 – Tilskot

Ørsta kommune har ytt kr 500.000 i tilskot i 2020.

### Note 6 – Kortsiktig gjeld

Eksterne prosjekt, som stiftinga administrerer, inngår ikkje i balanseoppstillinga. Stiftinga administrerer fire ulike eksterne prosjekt. Anna kortsiktig gjeld utgjer hovudsakleg periodisering av sponsorinntekter, et rentefritt lån fra Kontaktpunkt, resterande er påkomne feriepengar og påkomen arbeidsgivaravgift.

### Note 7 – Andre inntekter

Gjeld i hovudsak inntekter frå konferansar og messer m.m. der stiftinga har medverka som arrangør. Kostnadane er ført etter art og ligg under andre driftskostnader.



## hovden & vatne statsautoriserte revisorar as

Medlemmer i Den norske Revisorforening  
Autorisert rekneskapsførarselskap  
Org.nr. 987 832 916 MVA  
E-post: firmapost@h-v.no  
www.h-v.no

Til styret i  
STI Ørsta Næringskontor

### Melding frå uavhengig revisor

#### Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

Side 1 av 3

#### Konklusjon

Vi har revidert STI Ørsta Næringskontor sin årsrekneskap som viser eit underskot på kr 228.491. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2020 og resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilde av stiftinga si finansielle stilling per 31. desember 2020, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

#### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er skildra under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av stiftinga slik det er krav om i lov og forskrift og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkelege og føremålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår.

#### Ytterlegare informasjon

Leiinga er òg ansvarleg for ytterlegare informasjon i årsrapporten som vert publisert saman med årsrekneskapen, årsmeldinga og revisjonsmeldinga. Våre fråsegner om revisjonen av årsrekneskapen og andre lovmessige krav dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og rekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at slik informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi ha rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

#### Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, medrekna at han gir eit rettvisande bilde i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ho finn naudsynt for å

ØRSTA:	EID:	STRYN:
Ivar Aasengt. 10, Postb. 203, 6151 Ørsta Tlf.: 70 04 59 00	Øyane 11, Postb. 315, 6772 Nordfjordeid Tlf.: 57 88 64 16	Tonningsgt. 42, 6783 Stryn Tlf.: 48 44 07 30



kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er utført med vilje.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til stiftinga si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil verte avvikla.

### Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå forsvarleg sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misgjerdar, og å gi ei revisjonsmelding som gir uttrykk for meininga vår. Forsvarleg sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg og ISA-ane, alltid vil avdekkje vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misgjerdar eller feil som ikkje er utført med vilje. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan ventast å påverke økonomiske avgjerdar som brukarane tek basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misgjerdar eller feil som ikkje er utført med vilje. Vi utvikler og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar og henter inn revisjonsbevis som er tilstrekkelege og føremålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon, som følgje av at misgjerdar ikkje vert avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er utført med vilje sidan misgjerdar kan innebere samarbeid, forfalsking, medvetne utelatingar, feil presentasjonar eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll, som er relevant for revisjonen for å utvikle revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av stiftinga sin interne kontroll.
- vurderer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege og vurderer om rekneskapestimata og tilhøyrande noteopplysningar, som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av føresetnaden om vidare drift i årsrekneskapen er føremålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om stiftinga si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er baserte på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at stiftinga ikkje held fram med drifta.
- vurderer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvise bilde.



Vi kommuniserer med styret/dagleg leiar mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og når revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svake punkt av betydning i den interne kontrollen.

### Uttale om andre lovmessige krav

#### Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik han er skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne naudsynnte etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av stiftinga sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

#### Konklusjon om utdeling og forvaltning

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen, som skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne naudsynnte i samsvar med internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000, meiner vi stiftinga er forvalta og utdelingar utført i samsvar med lov, stiftinga sitt føremål og vedtektene elles.

Ørsta, 20.04.2021

Hovden & Vatne statsautoriserte revisorar AS

Arild Rafshol

Statsautorisert revisor